

Styresak

Går til:	Styremedlemmer
Føretak:	Helse Vest RHF
Dato:	4. desember 2006
Sakshandsamar:	Hilde Christiansen
Saka gjeld:	Val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF

Styresak 127/06 B

Styremøte 14.12. 2006

Bakgrunn

Forskrifta for val av dei tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003. Førre val vart gjennomført i mars 2005. Sak om val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette vart sist handsama i styremøte 24. november 2004. Valet vart gjennomført slik det tilrådd. Valstyret frå 2004 har ikkje hatt oppgåver utover gjennomføring av sjølve valet i 2005.

Sak 082/04 B: Val av tilsette sine representantar til styret i Helse Vest RHF

Kommentar:

Forskrifta for val av dei tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003.

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med "Forskrift til helseføretakslovens bestemmelser om dei tilsettes rett til representasjon i regionale helseføretak og helseføretaks styrer".

Val av tilsettere representantar til Styret i Helse Vest RHF skal vere gjennomført innan utgangen av mars 2005.

Vedtak (einstemmig):

Det vert oppnemnd valstyre for val av tilsettere representanter til styret i Helse Vest RHF

Medlemmer av valstyret vert:

- 1. Hilde Christiansen*
- 2. Øyvind Watne*
- 3. Aslaug Husa*

Val av tilsettere representantar til styret i Helse Vest RHF og helseføretaka sine styre vert og gjennomført på ein best mogleg samordna og samla måte for å utnytte ressursane og avgrensa kostnadane så langt dette er mogeleg.

Valet skal vere gjennomført innan utgangen av mars 2005.

Kommentarar

Helse Vest RHF har ei etablert ordning med konserntillitsvalde med representantar frå LO, Unio, YS, SAN og kontaktperson for Akademikarane.

Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett, av dei ein leiar og ein nestleiar. Valet skal skje skriftlig som fleirtalsval med mindre 1/5 av dei som har røysterett, eller fagforeining som omfattar minst 1/5 av dei med røysterett, seinast seks veker før valdagen skriftlig krev at det skal skje som forholdstalsval.

For skiping av valstyre gjeld § 8 i forskrifta slik:

Valet ledast av et valstyre. Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett, med ein leiar og ein nestleiar. Dei tilsette og føretakets leiing skal ha minst ein representant kvar i valstyret.

Når styrerepresentasjon for de tilsette er etablert, herunder ved ein midlertidig avtalebasert ordning, oppnemnst valstyret av føretakets styre. Dersom slik representasjon ikkje er etablert, skal valstyret oppnemnst av føretakets daglige leiar, eller den vedkommande gir fullmakt, saman med die tilsettes tillitsvalde.

Dersom valstyret må oppnemnst gjennom avstemning, er det bare de tilsettes representantar som har røysterett. Føretakets leiing skal dog ha anledning til å oppnemna ein representant i valstyret.

Medlemmer av valstyret som ikkje kan eller ønskjer å fungere lenger, skal erstattast snarast.

På same tid skal det velgast styremedlemmer i alle HF. Det er føremålstenleg at det valstyret som vert oppretta for Helse Vest RHF samarbeider med helseføretaka sine valstyre for å samordna valprosessane slik at ein unngår å gjera arbeidet fleire stader. Det er foreslått overfor helseføretaka vi samordnar valet slik at det kan gjennomførast på ein hensiktsmessig måte.

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med "Forskrift til helseføretakslovens bestemmelser om dei tilsettes rett til representasjon i regionale helseføretak og helseføretaks styrer".

Administrasjonen vil i møte orientere om fristar og aktivitetar som skal gjennomførast. Arbeidsgjevar/føretaket si leiing har vore representert ved personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen. Administrerande direktør vil foreslå at dette blir vidareført.

Det har vore dialog med dei tilsette sine organisasjonar i høve å foreslå samansetning av valstyret.

Forslag til vedtak

Det vert oppnemnd valstyre i Helse Vest RHF med følgjande samansetning:

1. Aslaug Husa, Styremedlem Helse Vest RHF, vald av og blant dei tilsette
2. Sidsel Petrine Vetås, konserntillitsvald for SAN
3. Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør Helse Vest RHF

Val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF og helseføretaka sine styre skal gjennomførast på ein best mogleg samordna og samla måte for å utnytta ressursane og avgrensa kostnadane så langt dette er mogeleg.

Valet skal vere gjennomført innan utløpet av mars, seinast medio april 2007.